

# Fylkesting for ungdom frå A til Å

**Dagsorden:** Sakslista som er satt opp av UPU for fylkesting for ungdom

**Delegat:** Ein deltakar på FFU som har tale-, forslag- og røysterett.

**FFU:** Fylkesting for ungdom. Samlinga du er på no 😊

**Formelt antrekk:** Til middagen på laurdag pyntar vi oss! Formelt antrekk er ikkje joggebukse og collegegenser, men dress/skjorte eller kjole 😊

**Fylkesordførar/fylkesvaraordførar:** Leiaren og nestleiaren av det vaksne fylkesting. Jenny Følling (SP) er fylkesordførar og Åshild Kjelsnes (AP) er fylkesvaraordførar.

**Generaldebatt:** Diskusjonen vi har rundt dei sakene som kjem inn til uttalenemnda.

**Gjestar:** Personar som av ulike grunnar er invitert til FFU. Til dømes fylkespolitikarane og referent. FFU har moglegheit til å gjeve desse talerett.

**Innlegg:** Du teiknar deg til innlegg i ein debatt om du vil fremje ei fråsegn. Du brukar innlegg når du vil snakke om ei ny fråsegn, ikkje å seie deg ueinig i ein som allereie er snakka om. Det brukar ein replikk til.

**Innstilling:** Eit forslag om kva ein skal stemme i ei sak. UPU kjem med innstilling til referent, uttalenemnd, valnemnd, teljekorps, ordstyrar og underskrivarar. Delegatane treng ikkje å røyste i tråd med innstillinga. Valnemnda kjem også med innstilling til nytt UPU og uttalenemnda kjem med innstilling til kva vedtak som bør gjerast til dei ulike fråsegnene.

**Leggje til grunn:** Under votering mellom to alternativ vert eitt av alternativa lagt til grunn. Dei som er ueinig med det som vert lagt til grunn, må aktivt vise stemmeteikn.

**Møteleiarar:** Dei som har ansvar for å leie møtet etter dei reglane som FFU sjølv har vedteke. Dei skal vere nøytrale, og styre talelista slik at alle får sagt si meining. Det er møteleiarane som tildeler ordet til dei som ønskjer å sei noko. Møteleiarane har ansvar for å at debatten avsluttast innan den tidsramma som ein er blitt einige om.

**Observatør:** Ein deltakar som er med på FFU for å observere. Observatørane har tale- og forslagsrett.

**Plenum:** I fellesskap.



**Replikk:** Når nokon held eit innlegg som ein er ueinig i, kan ein teikne seg til replikk. Replikk er altså ein kommentar til eit innlegg. I dei fleste samanhengar ber ein ikkje om replikk for å seie seg einig i innlegget. Dei som ber om replikk, får kome opp på talarstolen rett etter innlegget. Det er ikkje lov å teikne replikk på replikk, men den som held innlegget, kan få komme med svarreplikk.

**Røysteføre:** Dei som kan stemme på FFU

**Saksopplysning:** Dersom nokon under debatten har sagt noko som er ukorrekt, kan ein ta ei saksopplysning for å kome med ein kort faktaopplysning til saka. Ei saksopplysning er ein relevant og forklarande faktaopplysning. Døme: Innleiar A seier det er 5 epler i korga, saksopplysning veit det er 4 epler i korga og går å seier det på talarstolen.

**Strek:** Når møteleiar set strek er det ingen som kan teikne seg til nytt innlegg. Går debatten etter det er satt strek, kan ein teikne replikk på innlegget. Men då må dette vere i samsvar med innlegget.

**Teikne seg til debatt:** Gi beskjed til møteleiarane om at ein vil seie noko. Dette vert vist i byrjinga på debatten.

**Tellekorps:** Dei som har ansvaret for opteljing av stemmene under voteringane.

**UPU:** Ungdomspolitisk utval. Utvalet som arbeidar med sakene som FFU bestemmer i helga.

**Uttalenemnd:** Ei nemnd/komité som skal gå gjennom alle forslaga som er kommen inn frå deltakarane på tinget. Dei skal sortere dei, slå i saman og gjere redaksjonelle endringar på forslaga. Nemnda skal også innstille på vedteke/ikkje vedteke på kvart forslag, for å kome med ein anbefaling til tinget.

**Valnemnd:** Ei nemnd som arbeidar med val av nye representantar til UPU. Valnemnda held intervju under FFU og lagar ei innstilling som det skal voterast over på søndag. Det er altså desse du skal ta kontakt med om du ynskjer å stille til val.

**Vedtak:** Det som vert bestemt eller avgjort.

**Vedtekter:** Dei reglane som seier korleis UPU og FFU skal fungere og kva rettigheter dei har.

**Votering:** Avstemming. Den prosessen som skjer når delegatane skal stemme over dei ulike forslaga som er gitt.

**Årsmelding:** Informasjon om kva som har blitt gjort av UPU sidan førre FFU.

